

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
084/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Lekekista - Søknad om støtte for ENK - Lekekista Øvretveit Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Søknad om støtte for ENK - Lekekista Øvretveit* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 084/21 Vedtak:

Prosjektet *Søknad om støtte for ENK - Lekekista Øvretveit* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Lekekista er eit einpersonsforetak. Bransje: 47.919 Postordre-/Internetthandel med annet spesialisert vareutvalg. Registrert 16.10.2020. Kjelde: proff.no.

Saksopplysningar:

Lekekista er ein nettbutikk med sal av leikar og spel for barn i alle aldrar, som har som mål og vere blant dei rimelegaste blant tilbydarane. Nettbutikken er framleis i vekst/utbetring og får inn nye produkt kontinuerleg.

Om prosjektet

Det er søkt om prosjektmidlar til innkjøp av varer.

Prosjektleveranse/Målsetting

Nettbutikken søker om prosjektmidlar til innkjøp av varer for å auka potensial for vekst og konkurransedyktigheit.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad om støtte for Lekekista	420 000	120 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet. Det kjem også fram av vedtektene pkt. 6.4.

at stønad ikkje skal nyttast til ordinære driftkostnader.

Søknad om støtte til innkjøp får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021

21_Lekekista_soknad-2021-0005_22 mar 2021

1574504